

## Budsjettforslag frå Rødt Rogaland

Økonomiplan 2021-2024 og årsbudsjett 2021 for Rogaland fylkeskommune (heretter kalla *Økonomiplan*). Viser òg til økonomidirektør Langeland sitt svar på spørsmåla frå dei politiske partia (heretter kalla *Økonomidirektøren sitt svar*).

- Reduser posten «møtegodtgjørelse» til politikarane (økonomiplan s. 105) til 80 % av fylkesrådmannen sitt forslag. Inneber ei årleg innsparing på 4 millionar kroner.
- Setta i gang prøveprosjekt med 6 timars arbeidsdag for reinhaldarane i sentraladministrasjonen; kostnad anslått til 1,5 millionar kroner i året (økonomidirektøren sitt svar s. 19).
- Avvis kutt i hurtigbåttilbodet.
- Bruka av konsesjonskraftmidla (Ryfylkefondet) til å dekkja underskotet i hurtigbåttilbodet i 2021 (7 millionar) og 2022 (14 millionar), slik ordføraren i Hjelmeland har foreslått (Stavanger Aftenblad 7. november s. 33).
- Arbeida for at ei ny regjering etter stortingsvalet neste år vil sørge for ei betre finansiering for hurtigbåttilbodet frå og med 2023.
- Innføra gratisbillett for barn under 6 år på ferger og hurtigbåt, slik det no er på buss. Det vil kosta kr 210.000 i året (økonomidirektøren sitt svar s. 19).
- Utvida hjem-jobb-hjem til heile fylket (oversendelsesforslag). Vil ikkje kosta noko før dette er utreda og vedtatt; eventuell kostnad er pr. i dag ukjent (økonomidirektøren sitt svar s. 20).
- Avvisa salderingane i kontaktlærartillegg vg2 og vg3 (kr 3.748.000 pr år) og kontaktlærartillegg årsramme (kr 7.489.000 pr år; sjå økonomiplan s. 208).
- Avvisa kutta for skulane som ligg i ØP 20-23 (OU-sak 34/20), kutt som Rødt stemte imot i opplæringsutvalet 26. mai 2020; inneber ekstrautgifter på kr. 2.712.000 pr år (økonomiplan s. 208).
- Halda fram løyvingane til Viberodden fyr (kr 250.000 pr. år), Jernaldergården (kr 67.000 pr år) og halda løyvingane til Rogaland Teater oppe på dagens nivå (inneber ein ekstrakostnad på kr 286.000 pr år; økonomiplan s. 207).
- Halda fram med løyvingar til «den kulturelle spaserstokken», kr 2.486.000 pr år (økonomiplan s. 207).
- Gratis bind og tampongar på jentetoaletta på dei vidaregåande skulane (forslag frå Ungdommens fylkesting); anslått kostnad kr 650.000 i 2001 og kr 1.300.000 frå og med 2022.
- Straks Rogaland fylkeskommune eventuelt oppnår ein avtale med staten om rassikring på vegstrekninga Rødsliane-Lovraeidet: forskottera eit beløp som bunde lån (økonomidirektøren sitt svar s. 37). Eventuell kostnad føreset ein avtale med staten, og er ukjent før slik avtale føreligg.
- Redusera forventa driftsresultat frå 5 % til ein stad mellom 4% og 5 % (jamfør økonomidirektøren sitt svar til SV, økonomidirektøren sitt svar s. 12).

Forslaga vil innebera innsparingar og ekstrakostnader i høve til fylkesrådmannen sitt budsjett som vist i rekneark.

	2021	2022	2023	2024
<b>INNDEKNING</b>				
Redusera posten "møtegodtgjørelse" til 80 %	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Konsesjonskraftmidlar overført frå Ryfylkefondet	7 000 000	14 000 000	0	0
Betre statleg finansiering av hurtigbåtar frå og med 2023	0	0	40 000 000	40 000 000
Redusera driftsresultatet frå 5 % til 4,8 % (2021), 4,7 % (2022), 4,5 % (2023 og 2024)	15 828 000	27 778 000	43 278 000	43 278 000
<b>SAMLA STYRKING</b>	26 828 000	45 778 000	87 278 000	87 278 000
Prøveprosjekt 6 timars arbeidsdag for reinhaldarane i sentraladministrasjonen	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Gratis for barn under 6 år på ferge og hurtigbåt i tillegg til buss	210 000	210 000	210 000	210 000
Hindra kutt i hurtigbåttilbodet	7 000 000	14 000 000	40 000 000	40 000 000
Ingen saldering av kontaktlærartillegg vg2 og vg3	3 478 000	3 478 000	3 478 000	3 478 000
Ingen saldering av kontaktlærartillegg årsramme	7 489 000	7 489 000	7 489 000	7 489 000
Ingen sammenslåtte timar i yrkesfag	2 712 000	2 712 000	2 712 000	2 712 000
Ikkje kutta som foreslått i ØP 20-23	700 000	12 000 000	27 500 000	27 500 000
Føre vidare den kulturelle spaserstokken	2 486 000	2 486 000	2 486 000	2 486 000
Føra vidare løyvinga til Viberodden fyr	250 000	250 000	250 000	250 000
Føra vidare løyving til Jernaldergården	67 000	67 000	67 000	67 000
Halda oppe løyvinga til Rogaland Teater på dagens nivå	286 000	286 000	286 000	286 000
Gratis bind og tamponggar på jentetoalett i vidaregåandes skolar (forslag frå Ungdommens fylkesting)	650 000	1 300 000	1 300 000	1 300 000
<b>SAMLA EKSTRAKOSTNADER</b>	26 828 000	45 778 000	87 278 000	87 278 000